Ullensvang kommune

# Rådmannen sine vurderingar av innkomne merknadar til offentleg høyring

## Detaljreguleringsplan for Settefiskanlegg i Herand

| Nr. | Avsendar/dato | Innspel kort oppsummert | Forslagstillar sin kommentar | **Rådmannen si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Kystverket, 23.09.19 | Kystverket orienterer om hovudleia i Hardangerfjorden og kvar Kystverket har mynde etter havne-og farvasslova. Dei viser til at det er lokalisert ei naudhamn i Herandsvågen, og at ev. sjøvassleidningar ikkje må kome i konflikt med denne. Kystverket minnar på at tiltak i sjø som kan påverke tryggleik og framkome må handsamast etter PBL og HF-lova. Kommunen er hamnemynde og dei bed om at dette vert lagt inn i føresegner. | Vert teke til orientering.<br><br>Søknad om tiltak i sjø er sikra i føresegner. | **Rådmannen vurderer at forslagsstillar har tatt merknaden til følgje**. |
| 2 | NVE, 30.09.19 | NVE fremjar motsegn til planforslag. Grunnlaget for motsegna er at planen sine konsekvensar for flaum og erosjonsfare for kringliggande areal, og ålmenne interesser i vassdraget, er for dårleg utgreidd. | Planforslaget er revidert for å imøtekome motsegn. Det er gjennomført flaumfarevurdering, sjå vedlagt rapport «Flomfarereduserende tiltak i Storelvi», datert 18.03.2022. Sikringstiltak tiltak er innarbeidd i revidert planforslag. | **Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke merknaden til følgje**<br><br>**Rådmanne vurderer det er gjort ei grundig utgreiing på flaumproblematikk og vurderingar knytt til vassdraget Storelvi. Rådmannen vurderer planen no imøtekome NVE sitt motsegn.** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 3 | Fiskeridirektoratet, 02.10.19 | Skriv at det er registrert eit område der det fiskast med passivt reiskap som strekkjer seg inn i planområdet. Det er vidare registrert gyteområde for torsk i vika utanfor planområdet, og det er ein låssettingsplass på sørsida av vika. Dei skriv at ev. røyrleidningar må leggjast ut på ein slik måte at dei ikkje heftar fiskereiskap. Det må takast omsyn til låssettingsplassen og gytefeltet i vika. | Teke til orientering og er vidare sikra i føresegner. | **Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke merknaden til følgje.** |
| 4 | Vikane, Strømsnes og Mælen, 03.10.19 | Pkt. 2.3 Meiner at det bør utførast konsekvensutgreiing med omsyn til flaumfare, landskap, naturmangfald, kulturminne. Strandsone og trafikksikkerheit.<br><br>Stiller spørsmål ved habilitet<br><br>Pkt. 6.2.10 Stiller spørsmål til konsekvensar for belastning på areal på nordsida av elva ved ein ev. flaum.<br><br>Viser til ein tidlegare flaum i Herand på 40-talet som dei meiner kommunen ikkje har lagt til grunn for vurdering av om KU var naudsynt.<br><br>Pkt. 6.1 Meiner at planlagd høgd på bygg vil vera for høgt, ber om at bygningane vert planlagt etter terreng.<br><br>Pkt. 6.2.4 Ber om at andre | Det er gjennomført vurdering av konsekvensar for landskap, kultur og natur i planomtalen kapittel 7. Det er tidlegare vurdert at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing (KU) etter forskrift om konsekvensutredninger. Det er kommunen som stiller krav om KU.<br><br>Det er gjennomført ei flaumfarevurdering som tilrår sikringstiltak som er vidareført i planforslaget, sjå vedlagt rapport «Flomfarereduserende tiltak i Storelvi», datert 18.03.2022.<br><br>Spørsmål om habilitet er ikkje ein del av planarbeidet.<br><br>Konsekvensar for areal på nordsida er vurdert i flaumfarerapporten nemnd over.<br><br>Konsekvensar og verknader av planforslaget er vurdert opp mot landskap og nærmiljø. Ein ser at det kan ha negativ effekt og har difor søkt å bøta på | **Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke merknaden til følgje.**<br><br>**Vurderer det er gode utgreingar knytt til desse temaene i planen.**<br><br>**Vurderer ellers forslagsstillar svarar godt på resterande punkt.** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | trafikkfarlege avkøyrsler til bebyggelse rundt må oppgraderast.<br><br>Pkt. 5.2 Ber om at born sine interesser vert vurdert i planomtalen.<br><br>Pkt. 6.2.6 Ber om at størrelse på friområde GF1 vert oppgjeve, og at den vert utvida.<br><br>Pkt. 5.14 Ber om at den næraste nye bebyggelsen vert skjerma når det gjeld lukt og støy<br><br>Pkt. 5.16 Har forståelse for at MOWI er ein viktig arbeidsplass men stiller seg tvilande til at planlagd utbygging vil generere fleire arbeidsplassar.<br>Pkt. 6.4 Meiner at konsekvensar ved gjennomføring av planen ikkje er beskrive nok i høve til saga som eit kulturminne.<br><br>Pkt. 7.3 Har ein del vurderingar kring bygningsmasse i høve til eksisterande landskap. Meiner at konsekvensar av tiltaket bør beskrivast meir frå sør. Meiner vidare at bygningsmasse vil ta utsikt og redusere kvalitet på kringliggjande eigedomar. | dette ved å ikkje leggja til rette for høgare bygningar enn eksisterande anlegg.<br><br>Det er i planforslaget regulert inn eksisterande vegsituasjon.<br><br>Ein legg ikkje opp til endringar utover justeringar knytt til avkøyrsle inn til anlegget. Ein har ikkje funne det tenleg å samordna avkøyrsler frå fylkesvegen, då dette vil føre til unødvendig store terrenginngrep, samt mogleg flytting av høgspentmast.<br><br>Tilleggsopplysningar er lagt inn i planomtalen kapittel 5.10 og born sine interesser vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.<br><br>Friområde (OBS! GF1 er endra til GF3) har ei breidde på 3 meter og er målsett i plankart. Det er vurdert at dette er tilstrekkeleg for tilkomst til sjø.<br><br>Verksemda må forhalda seg til krav om støynivå etter gjeldande statlege retningsliner for industristøy. Bustadar som er utsette for støy skal skjermast etter gjeldande statlege retningsliner for industristøy.<br><br>Teke til orientering.<br><br>Kulturmiljøet kring Herand sag er sikra i plankart og i føresegner. Skildring av saga, kulturmiljøet og vurdering av konsekvensar er omtalt meir i revidert planforslag.<br><br>Sjå svar over.<br>Det er laga reviderte 3D illustrasjonar som | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | synleggjer tiltaket frå fleire vinklar og frå fleire nivå. Desse er vist i planomtalen, og ligg som vedlegg. | |
| 5 | Hordaland fylkeskommune, 06.10.19 | Areal og transport<br><br>Meiner planforslaget vil generere noko meir trafikk enn i dag og at dette er ei uheldig utvikling. Tykkjer det er positivt at ein legg til rette for sykkelparkering, el-bil- og HC parkering i området. Viser til *Regional planstrategi 2016-2020 (s. 23)* som legg vekt på å redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar. Det er eit mål at samordna areal- og transportplanlegging skal bidra til å redusera transportbehovet fram i tid.<br><br>Arkitektur og estetikk<br><br>Vurderer det som positivt at byggehøgder ikkje vert sett høgare enn dagens nivå. Saknar korleis anlegga knytt til Herand sag sitt uttrykk vert, og seier ein bør vise omsyn til nær- og fjernverknader. Viser til PBL § 29-2 *visuelle kvalitetar*. Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at dei etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar.<br><br>Landskap og friluftsliv<br><br>Rår til at det vert gjort ei konsekvensutgreiing av friluftsliv og landskap i | Teke til orientering og teke med vidare i planarbeidet.<br><br>Er omtala i planomtalen under 7.3 og 7.4, og sikra i føresegner under arkitektur, estetikk og kvalitet.<br><br>Vert teke omsyn til.<br><br>Det er gjort ei vurdering av konsekvensar for landskap, kultur og natur i planomtalen. | **Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke merknaden til følgje.**<br><br>**Forslagsstillar har tatt omsyn til fylkeskommunen sine innspel, rådmannen er samd i forslagsstilar sine kommentarar.** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | reguleringsplanen.<br><br>Vurderer det som positive tiltak at det er lagt inn grøntområde for å bevare eksisterande stiar og fremje friluftsaktivitetar knytt til Storelvi.<br><br>Folkehelse<br><br>Viser til regional plan for folkehelse og ber om at ved ein ev. utbetring av eksisterande tursti legg til rette for universell utforming.<br><br>Klima og energi<br><br>Minnar om at Regional klimaplan for Hordaland 2014-2030 gjev retningsliner om at utslepp av klimagassar skal reduserast. Å leggje til rette for auka trafikkmengd er delvis i strid med overordna føringar, men tykkjer det er positivt at det er lagt inn rekkefølgjekrav knytt til flaumsikring.<br><br>ROS<br>Tykkjer det er positivt at det er nytta rettleiarar knytt til ROS og viser til at Fylkesmannen i Vestland har revidert rettleiar med eit delkapittel til FylkesROS Hordaland frå 2018.<br><br>Kulturminne og kulturmiljø<br><br>Rår til at ein legg stor vekt på å gje bygningane ei utforming som tek omsyn til det freda anlegget. Ber om at det må leggjast inn føresegner som sikrar bevaring kulturmiljø (H570) og Bandlegging | Sjå kapittel 7.<br><br>Ein vil i størst mogleg grad prøve å tilretteleggje for universell utforming.<br><br>Teke til orientering.<br><br>Teke til orientering.<br><br>Vert teke omsyn til. Sikring og bevaring av kulturmiljø/kulturminne er lagt inn i føresegner og plankart. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | etter lov om kulturminne (H730)<br><br>Naturmangfald<br><br>Tykkjer det er positivt at det har vore gjort ei grundig utgreiing for ikkje å svekke naturmangfaldet.<br><br>Samferdsel<br><br>Legg til grunn at fråsegn frå Statens vegvesen knytt til rekkefølgjekrav til opparbeiding av avkøyrsle vert følgt opp vidare i planarbeidet.<br><br>Strandsone<br><br>Omtalar føringar for naust i strandsona. Generelle kommentarar til strandsona og kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.<br><br>Vassforvaltning<br><br>Tykkjer det er positivt at kantsoner langs vassdraget kan vere med på å sikre elvebreidda mot utrasing. Opplyser om at § 1- 8 i pbl også gjeld for tiltak langs vassdrag. | Rekkefølgjekrav knytt til avkøyrsle er lagt inn i føresegner.<br><br>Naustføremål er teke vekk i revidert planforslag. Det er lagt inn føremål småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BBS).<br><br>Teke til orientering. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 6 | Stakkestad, 18.10.19 | Saknar betre 3D illustrasjonar / skisser som synleggjer planlagt tiltak i høve til eksisterande bygningar i området med tanke på fjordlandskap utsikt osv.<br><br>Skriv at Herand er ein landskapspark som har fått nasjonalpris for vakrast bygd. Redd for at bygda vert rasert dersom den får eit industripreg.<br>Ber om at alle naboar vert varsla og ikkje berre dei næraste.<br>Ber om at Hardangerfjorden vert ivareteke generelt, og at Herand som bygd vert ivareteke med tanke på turisme og fastbuande.<br>Saknar vidare dokumentasjon på korleis planlagt tiltak ivaretek liv i strandsona, fjorden og elva.<br>Ber om at tiltaket generelt må synleggjerast gjennom betre 3D illustrasjonar frå alle sider inkl. frå utsiktspunkt i kommunen, og at dette må sendast på ny høyring. | Det er i revidert planforslag laga fleire og betre 3D illustrasjonar.<br><br>Det er sikra i plan at nye bygg skal tilpassast omkringliggjande landskap og bygningar.<br><br>Ivaretaking av kulturlandskap og kulturminne er sikra i plan, men dei vil verta noko negativt påverka av utbygging av eit så stort tiltak.<br><br>Ivaretaking av strandsona,fjorden og elva er omtala i planomtale.<br><br>Det vert opp til planmynde om planen skal ut på ny høyring. | **Rådmannen vurderer at forslagsstillar har tatt merknaden til følgje.**<br><br>**Rådmannen er nøgd med nye illustrasjonar og synar det visar utforming av tiltaket godt frå alle retningar.**<br><br>**Rådmannen vurderer MOWI sitt initativ til nabomøte som positivt for å inkludera bebuarar i Herand.**<br><br>**Rådmannen har ellers inga kommentar.** |
| 7 | Fylkesmannen i Vestland, 25.10.19 | Peikar på at NVE har motsegn til planen.<br>Motsegna går ut på:<br>Det må takast stilling til korleis planlagd utbygging kan sikrast mot flaum Konsekvensar av desse sikringstiltaka må utgreiast og finnast akseptable Sikringstiltak og | Planen er revidert for å imøtekome motsegn. Sjå og kommentar til NVE ovanfor. Planen omtalar sikringstiltak mot flaum, og stiller krav til gjennomføring av desse.<br><br>Det er gjort nye og fleire vurderingar av konsekvensar i revidert planforslag. Det er gjort | **Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke merknaden til følgje.**<br><br>**Flaumsikringstiltak er innarbeidd i plan, rådmannen vurderer at forslagsstillar imøtekome merknaden.** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | ev. avbøtande tiltak må innarbeidast i plan. Fylkesmannen meiner vidare at ei utviding av eldre næringsområde må vurderast på kommuneplannivå.<br><br>Fylkesmannen meiner søkjar sine vurderingar knytt til konsekvensar for landskap ikkje er dekkande for konfliktnivået ved planlagt utbygging, at planlagt industribygg vil bli svært ruvande og dominerande i dette landskapet, og at tilhøvet til naboar vil verte konfliktfylt.<br><br>Fylkesmannen ber om at det må vurderast om ein må auke uttak av vatn til produksjon, og om dette vil vere søknadspliktig etter vassressurslova. Dei viser til løyve gitt av NVE i 2008 på inntil 52 m³/min. Dette må vurderast før saka vert handsama etter Akvakulturlova. Reguleringsplanen omtalar ikkje at tiltaket er vurdert i høve til nye løyver etter Vassressurslova og Akvakulturlova. | vurderingar knytt til omkringliggjande landskap og kulturmiljø, og det er lag illustrasjonar som syner ønska utbygging i høve til nær og fjernverknad.<br><br>Det er sett krav til at nye bygg skal avtrappast og ikkje vera høgare enn allereie eksisterande næringsbygg i området.<br><br>Tilhøvet til Vassressurslova og Akvakulturlova er omtalt i planen. | |
| | | Fylkesmannen føreslår ny føresegn som sikrar at det ved graving på land innafor BN1 skal utarbeidast tiltaksplan godkjent av kommunen i samsvar med forureiningslova. | Dette er sikra i føresegner. | |
| | | Fylling i sjø<br>Ved utfylling i sjø på forureina sediment må det søkjast om løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren i Vestland.<br><br>Ber om at føresegn for støy viser til tabell 3 i T-1442 øvrig | Dette er sikra i føresegner.<br><br>Er retta i føresegner. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | industri. Uthus/naust er ikkje føremål i planen og ber om at føresegn for dette vert teke ut. | Dette er teke ut av føresegner. | |